

Rabben har fått galleri

13.07.2010



Tove og Camilla i Galleri Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det tidlegare TV-rommet ved Rabben Feriesenter har no vorte til Rabben Galleri, der både gjestene og andre kan sikre seg vakre fotografi og suvenirar av mange slag.

Det er Rabben-vertinne Tove Heggøy og dottera Camilla (19) som står bak denne tilveksten. Dei har både laga produkta og skal stå for salet.

-Eg har strikka heile livet og tidlegare seld handarbeidsprodukt under julemessa på Stord . No hadde eg eit vellukka sal under Aktivitetsdagen her i Uskedalen. Eg selde for 5.000 kroner på 3 timar, fortel Tove .

Ho kan mellom anna frista med alpakkasjal, islandsull-gensar, lue av islandsull, pulsvarmarar, babyteppe, barnegensarar og perlesmykke. Etterkvart kjem ho med meir, til dømes labbar og babyluer.

-Eg er ikkje så avansert førebels, men det kjem vel etterkvart, lovar Tove.

Dottera er for sin del ein ivrig og dyktig fotograf og ikkje minst oppteiken av hundar som motiv. Men ho har også mellom anna motiv frå Uskedalen til sals i galleriet. Til hausten skal ho gå på folkehøgskulen på Halsnøy.

Av Ola Matti Mathisen